



# Ordensreglement for grunnskulen i Vik kommune

## FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I VIK KOMMUNE.

Med grunnskulen i Vik kommune forstår ein alle grunnskulane i kommunen.

Fastsett av rådmann 18.02.2011 med heimel i lov 17.07.1999 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-9 og Vik kommune sitt delegasjonsreglement del 2, pkt. 35.

### § 1 Føremål

Ordensreglementet skal leggja til rette for eit godt arbeidsmiljø for elevane, fremja orden og gode arbeidsvanar og ivareta elevane si helse. Reglementet skal bidra til å skapa tryggleik, trivsel og respekt, og det skal setja klare grenser for elevane. Det skal også bidra til å ta vare på det fysiske miljøet på og rundt skulen. Forskrifta skal informera elevar og føresette om deira rettar og plikter samt skulen sine plikter, krav og reaksjonsmåtar.

### § 2 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for elevar ved grunnskulen i Vik kommune. Det gjeld i skule- og SFO-tida på skulen sitt område - og på skulevegen / skulebussen - samt ved ekskursjonar, turar og arrangement i skulen sin regi.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevar og føresette på foreldremøte, ved utdelt skriv og på nettsida til kommunen / skulen. Reglementet skal drøftast årleg i elevrådet, FAU, samarbeidsutvalet og på rektormøte. Reglementet skal gjennomgåast med dei tilsette i skulen ved oppstart av nytt skuleår.

### § 3 Innhald

Som elev har du både rettar og plikter:

1. Du har krav på:

- at alle handsamar deg på en ordentleg måte / som eit likeverdig menneske.
- at andre viser deg respekt og let det du eig vera i fred.
- at ingen plagar, mobbar eller trakasserer deg.
- at du har eit godt lærings- og skulemiljø.



## Ordensreglement for grunnskulen i Vik kommune

### 2. Du har plikt til å:

- handsama medelevar og vaksne med respekt.
- visa folkeskikk.
- visa respekt for andre og lata deira og skulen sine eigendelar vera i fred.
- ikkje plaga eller mobba nokon, korkje fysisk, psykisk eller verbalt (ting du seier).
- arbeida for å skapa eit godt lærings- og skulemiljø.
- møte presis, ha med naudsynt materiell, halda arbeidsro, gjera skulearbeid til avtalt tid.
- bidra til å halda skulen sitt område reint og ryddig.

### 3. Det er forbode å bruka tobakk, alkohol eller andre rusmiddel på skulen, eller ved arrangement som skulen er ansvarleg for.

### 4. Skulen sine datamaskiner og datanettverk skal i undervisningstida berre nyttast i fagleg samanheng.

Det er ikkje tillate å bruka privat IKT-utstyr utan løyve frå kontaktlærer eller rektor.

Brukarar må ikkje offentleggjera innhald av rasistisk, nazistisk, pornografisk eller på annan måte krenkande karakter, ei heller oppsøkja slike sider.

Bruk av sosiale medium som facebook, twitter, msn og liknande er ikkje tillate.

### 5. Bruk av mobiltelefon er ikkje tillate i undervisningstida.

### 6. Det er ikkje tillate å forlata skulen sitt område på eige initiativ i skuletida. Kontaktlærer eller rektor kan gje løyve til einskildelevar om å forlata skulen sitt område utan fylgje.

## § 4 Ved brot på ordensreglementet kan følgjande sanksjonar nyttast :

1. Munnleg irettesetting.
2. Kontakt med heimen og involvering av føresette.
3. Utestenging frå arrangement og turar i skulen sin regi.
4. Bortvisning frå skulen, jfr. § 2-10 i opplæringslova:
  1. For 1 – 7 klasse: bortvising i einskildtimar eller for resten av dagen.
  2. For 8 – 10 klasse: bortvising i inntil tre dagar.
5. Politimelding ved brot på norsk lov, som for eksempel hærverk, tjuveri, truslar / vald, rasistisk åtferd og oppbevaring eller bruk av kniv / våpen / rusmiddel.



## Ordensreglement for grunnskulen i Vik kommune

6. Inndraging, for kortare eller lengre tid, av farlege gjenstandar / gjenstandar som forstyrrar undervisninga.
7. Inndraging av mobiltelefon ved brot på §3, pkt. 5.
8. Pålegg om oppgåver for å rette opp skade / hærverk som er påført skulen sin eigedom.
9. Fråteken rett til å bruka skulen sine datamaskiner og / eller internett for eit bestemt tidsrom.
10. Nedsett karakter i orden og åtferd etter brot på ordensreglementet.

Ved bruk av sanksjonar som nemnd i § 4 skal det gjevast melding til heimen.

### § 5 Erstatningsansvar

I følge lov om skadeerstatning § 1-2 pkt.2, er føresette erstatningspliktige for skade eleven har gjort med for tida inntil kr. 5.000,-.

### § 6 Rettar og plikter for elevar og føresette

- Føresette pliktar å melda frå til kontaktlærer eller rektor om elevar sitt fråvær ved sjukdom utover 3 dagar. Foreldra skal skriva melding i meldingsboka umiddelbart etter fråvær. Meldingsboka skal alltid vera med på skulen.
- Når det er forsvarleg, kan føresette søkja om fritak frå undervisningsplikta for sine barn i inntil 2 veker. Dei føresette skal sørgja for naudsynt undervisning / opplæring i permisjonstida. (Jfr. opplæringslova § 2 – 11). Søknadsskjema og reglementet for permisjon for elevar får ein ved å venda seg til rektor ved skulen.
- Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker og personlege eigendelar som vert borte i skuletida.
- Eleven er forsikra mot personskade i skuletida og ved reise til / frå skulen. (Jfr. forsikringsavtale mellom kommunen og forsikringselskap).

### § 7 Tillegg til felles ordensreglement

Det kan for einskildskular gjerast vedtak om særskilte tillegg til dette felles ordensreglementet. Desse skal orienterast om i eige vedlegg til reglementet.